



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 13.06.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 - 16.30

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 06.06.18 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.18.

Formannskapet hadde frammøte i resepsjonen FRAMO Flatøy kl. 09.00.

Møteoppstart på rådhuset var kl. 11.10.

Ved opprop var 6 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Silje Ingelin Sæterstøl hadde permisjon frå kl. 10:20 til kl. 12.15.

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sak 49 - 54.

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 55 - 64.

Formannskapet hadde pause frå kl. 11.50 - 12.20, frå kl. 13.35 - 13.45 og frå kl. 15.45 - 15.55.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Nils Marton Aadland	H

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

14. juni 2018

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
49/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
50/2018	Godkjenning av møteprotokoll
51/2018	Referatsaker
52/2018	Aktuelle saker
53/2018	Orientering av rådmannen
54/2018	Orientering om status Alver kommune
55/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
56/2018	Økonomisk rapportering april 2018 med budsjettendring
57/2018	Økonomiplan 2019-2022
58/2018	Etablering av Nordhordland brann og redning
59/2018	Prosjekt - ny introduksjonsordning for flyktningar
60/2018	Søknad om serveringsløyve på uteområde - Pizzabakeren, Moldekleivmarka 21 AS
61/2018	Sal av kommunal eigeendom - Flatøy skule
62/2018	Overdraging av kommunal eigeendom - Nordgardsløa
63/2018	Handtering overvatn Holtermandsvegen
64/2018	Oppstart av detaljregulering KV1133 Myrvollane til Hestdal

49/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Marit Jøssang:

Når det er så mange saker med store dokument som vedlegg, så bør formannskapet få vedlegga på papir.

Ordførar sa at ein må ta kontakt og be om å få det på papir når det er ønskjeleg.

Det er og uheldig å ha så store saker oppe i same møte.

Rådmannen forklarte det med at det var forseinking i saka "Rekneskap og årsmelding". Den skulle egentleg vore oppe i mai-møtet.

FS - 49/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

50/2018: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 23.05.18 vert godkjent.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 50/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 23.05.18 vert godkjent.

51/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 51/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldinga vert teken til orientering.

52/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Anne Grete Eide:

Sendt inn spørsmål angående opning av bassenget på Rosslund skule for allmente.

Rådmannen svarte:

Har berre brukt egne ressursar på opprusting av garderobenalegget. Ein garderobe gjenstår. Teknisk etat har ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette.

Vanskeleg å sei kva tid den siste garedroben er klar.

Ordførar:

Ønskjer informasjon om praksis SMS-varsling.

Rådmannen svarte:

Det er brukt SMS-varsling ved ulike anledningar, men at det kostar pengar. Er meir restriktive no og bruker meir Face-book og kommunen si heimeside til å informere.

Digital feilmelding - saknar tilbakemelding. Får ein alltid tilbakemelding?

Rådmannen svarte:

Ein må be om tilbakemelding, setje kryss og velje anten e-post eller SMS.

Sak om avvikling av Sambandet Vest AS til kommunestyret 20. juni. Prosjekt Sambandet Vest vert organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane.

Meland kommune tek på seg å administrere samarbeidet. Fellesnemnda har løyvd midlar. Håpar at prosjektet kjem i godt gjenge.

Refererte frå forhandlingar byvekstavtale for Bergensområdet:

Meland kommune får ikkje delta i forhandlingane om byvekstavtale. Målet om nullvekst skal gjelde Bergensområdet, krevjande og for Meland

FS - 52/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

53/2018: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Det vart orientert om følgjande:

Har hatt intensjon om å kome i mål med avtale ny kyrkje før sommaren, men klarte det ikkje pga.

tidsfaktor. Tilleggskrav/innspeil frå Meland sokneråd gjorde at rådmannen ikkje kunne fremje sak til

formannskapet.

Områdeplan Rylandshøgda kjem opp som sak over sommaren.

Oppstart reguleringsplan Fløksand-Vikebø skal vedtakast i kommunestyret.

FS - 53/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

54/2018: Orientering om status Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Orienteringane vert tekne til vitande.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Ordførar orienterte frå siste møte i Fellesnemnda:

Sølvi Knudsen refererte frå siste møte i referansegruppa - identitet, symbol og felles kultur:

Arbeider vidare med symbola - båt, bru/stein.

Vedtak i referansegruppa i september og i Fellesnemnda i oktober.

Rådmannen orienterte:

Elektronisk pasientjournal skal ut på anbod.

Innplassering av tenesteområdeleiarane er i gang. Har fått på plass nokre. Vert tilsett både interne og eksterne.

FS - 54/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

55/2018: Rekneskap og årsmelding 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Per Inge Olsen oreinterte.

FS - 55/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

56/2018: Økonomisk rapportering april 2018 med budsjettendring

Rådmannen sitt framlegg:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 500.000,-.
2. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 500.000,-
3. Auke i nytt prosjekt "Digital Transformasjon skulane" og prosjekt K00677 – samla kr 350.000,-.
4. Reduksjon prosjekt K00262, K00356, K00601, K00676, K00691, K00796 – samla kr 40.575.000,-.
5. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.895.000,-
6. Reduksjon i bruk av lån kr 38.330.000,-

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Ø

konomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Tilleggsframlegg frå SP, H og KrF:

Ein vil sjå på ei eventuell løyving til dei private barnehagane fram mot kommunestyremøtet 20.06.18.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Sp, H, KrF fekk 6 røyster for, (2 AP, SP, H, KrF, V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

FS - 56/2018 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 500.000,-.
2. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 500.000,-
3. Auke i nytt prosjekt "Digital Transformasjon skulane" og prosjekt K00677 – samla kr 350.000,-.
4. Reduksjon prosjekt K00262, K00356, K00601, K00676, K00691, K00796 – samla kr 40.575.000,-.
5. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.895.000,-
6. Reduksjon i bruk av lån kr 38.330.000,-

Ein vil sjå på ei eventuell løyving til dei private barnehagane fram mot kommunestyremøtet 20.06.18.

57/2018: Økonomiplan 2019-2022

Rådmannen sitt framlegg:

1. Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventta framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i

desember 2018.

2. Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr. eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert løns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen orienterte.

Øyvind H. Oddekalv, Anne Grete Eide og Silje Sæterstøl la fram følgjande protokolltilførsel:

Vi vil fram mot kommunestyret 20.06.2018 arbeide for ei løysing der ungdomsskule blir realisert.

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen FrP:

Saken taes til orientering.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for.

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen vart samrøystes vedteke.

FS - 57/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saken taes til orientering.

58/2018: Etablering av Nordhordland brann og redning

Rådmannen sitt framlegg:

- Meland kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
- Kostnadar for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

13.06.2018 FORMANNSKAPET

Sigmund Larsen la fram følgjande protokolltilførsel:

FrP støtter forslaget i saken, men vi ønsker å avslutte samarbeidet med Austrheim.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 58/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- Meland kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
- Kostnadar for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

59/2018: Prosjekt - ny introduksjonsordning for flyktningar

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek saka om Prosjekt - Ny introduksjonsordning for flyktningar til vitande

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 59/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet tek saka om Prosjekt - Ny introduksjonsordning for flyktningar til vitande

60/2018: Søknad om serveringsløyve på uteområde - Pizzabakeren, Moldekleivmarka 21 AS

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet godkjenner at Moldekleivmarka 21 AS får innvilga serveringsløyve på uteareal, altan ca. 15 kvm, 2. etg og ved benkar som er sett opp ved plenområdet utanfor 1. etg.

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 60/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet godkjenner at Moldekleivmarka 21 AS får innvilga serveringsløyve på uteareal, altan ca. 15 kvm, 2. etg og ved benkar som er sett opp ved plenområdet utanfor 1. etg.

61/2018: Sal av kommunal eigedom - Flatøy skule

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret sluttar seg til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Kommunal forkjøpsrett skal sikrast.»

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 61/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Kommunal forkjøpsrett skal sikrast.

62/2018: Overdraging av kommunal eigedom - Nordgardsløa

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret sluttar seg til at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa, som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til Meland kommune dersom Stiftinga Nordgardsløa blir oppløyst.»

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 62/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa, som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til Meland kommune dersom Stiftinga Nordgardsløa blir oppløyst.

63/2018: Handtering overvatn Holtermandsvegen

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar kronar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.»

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 63/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar kronar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.

64/2018: Oppstart av detaljregulering KV1133 Myrvollane til Hestdal

Rådmannen sitt framlegg:

«Formannskapet i Meland kommune godkjenner at det vert varsla oppstart av planarbeid for regulering av Håtuftvegen og Meland VBA med framlegg til planavgrensing som vist i saksutgreiinga.»

13.06.2018 FORMANNSKAPET

FS - 64/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Formannskapet i Meland kommune godkjenner at det vert varsla oppstart av planarbeid for regulering av Håtuftvegen og Meland VBA med framlegg til planavgrensing som vist i saksutgreiinga.
